

## Årsmelding for 2012

### Selskapet si verksemd

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS utfører sekretariatfunksjonen for kontrollutvala i dei 10 deltakarkommunane Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sauda, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord. Hovudkontoret ligg i Aksdal, Tysvær rådhus, men deler av verksemda, slik som møta i kontrollutvala, blir gjennomført ute i kommunane.

Selskapet har i 2012 utført sekretariatstenester som omfattar saksutgreiing, protokollføring og iverksetjing av vedtak i kontrollutvala. I tillegg er det i 2012 innhenta anbod på revisjonstenester for 7 av kommunane (Bokn, Utsira, Tysvær, Vindafjord, Sauda, Etne og Sveio), laga plan for selskapskontroll 2012-2016 for åtte av dei (ikkje for Karmøy og Haugesund) og plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 for dei to minste (Bokn og Utsira). Sekretariatet har i 2012 gjennomført totalt 52 kontrollutvalsmøte og saksførebudd 307 saker. Av desse har 63 saker gått vidare til kommunestyra.

I selskapet er det halde 4 styremøte og 1 representantskapsmøte i mai. Rådgevar hadde permisjon i 12 veker frå mars til juni og leverte si oppseiing i prøvetida. Ny rådgevar vart tilsett frå 01.08.12.

### Framhald av drift

Verksemda er basert på eit gjensidig samarbeid med og mellom eigarane om sekretariatfunksjonen for kontrollutval. Frå 2005 blei det inngått avtalar om sekretariatstenester med deltakarkommunane, og det er ingen indikasjonar på lovendingar som tilseier at grunnlaget for selskapet skal falle bort.

Med dette som utgangspunkt meiner derfor styret at vilkåra for framhald av drift av selskapet er til stades.

### Resultat og utvikling

Selskapet skal i tråd med selskapsavtalen drivast i balanse slik at inntektene frå kommunane dekkjar kostnadene. Rekneskapan for 2012 viser ein omsetnad på kr 1 773 000. Dagleg leiar utførar rekneskapsføring og lønnskjøring sjølv, noe som gjer at ein kvar tid har innsikt i selskapet si økonomiske situasjon, men er også ressurskrevjande for eit så lite selskap. I 2012 har drifta resultert i eit driftsoverskot på kr 183.348. Skilnaden mellom budsjett og rekneskap kjem av refusjon frå NAV og lite bruk av vikar. Nivået på driftskostnadene ligg omtrent på same nivå som tidligare år.

Styret gjer framlegg at overskotet vert ført som fond i eigenkapital. IKSet er eit lite selskap og er sårbar for endringar i rammevilkår, arbeidsstokk og det er såleis viktig å kunne ha noen reserver tilgjengeleg. Ved å kunne sette av midlar til fond vil selskapet bli meir robust i sin daglege drift, samtidig som selskapet blir meir likvid.

Selskapet har i 2012 ikkje deltatt i eller gjennomført forskings- og utviklingsprosjekt.

### Arbeidsmiljø

Selskapet har eit godt arbeidsmiljø. Det har ikkje vore registrert sjukefråver i 2012. Selskapet har drøfta forhold knytte til helse, miljø og tryggleik. Selskapet har samarbeidsavtale med NAV om inkluderande arbeidsliv.

Styret har ein positiv haldning til kompetanseoppbygging i selskapet. Dette er viktig for å halde på dyktige medarbeidarar og har samtidig positive verknader for arbeidsmiljøet.


### Likestilling

Selskapet har to tilsette, ei kvinne og ein mann. Styret i selskapet er samansett av ei kvinne og to menn. Det er ikkje sett i verk spesielle likestillingstiltak. Selskapet legg vekt på likebehandling mellom kjønna i sin verksemd og styret meiner denne målsettinga er oppfylt.

### Ytre miljø

Selskapet driv ikkje verksemd som påverkar det ytre miljø nemneverdig utover reiseaktivitet knytte til arbeidet i eigarkommunane. Selskapet sitt hovudkontor er lagt til Akسدal i Tysvær kommune som geografisk ligg omlag midt i selskapet sitt virkeområde.

Aksdal, 05.02.13



Arne Gjerde  
Nestleiar



Gunnhild Koch  
styreleiar



Torleif Lothe  
styremedlem



Toril Hallsjø  
Dagleg leiar